



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	31.01.2019
Tid:	16:30 – 21:45

Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Rakel Anett Gjelseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Dag Kåre Nærø	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK

Forfall:

Olaug Andreassen	MEDL	AP
Leiv Aarflot	MEDL	AP
Egil Kjell Leikanger	MEDL	AP
Edel Kvalsund Goksøyr	MEDL	KRF
Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Bjørn Otterlei	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Stian Sævik Elveseter	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP

Kaja Runde	MEDL	FOLK
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK

Varamedlemer som møte:

Silje Oksholen Gjelseth	Olaug Andreassen	AP
Johnny Hundsnæs	Leiv Aarflot	AP
John Terje Berg Nerem	Edel Kvalsund Goksøyr	KRF
Jan Arve Drabløs	Arnulf Goksøyr	H
Knut Tandberg	Stig Arne Helsem Sævik	H
Lars Ivar Moldskred	Bjørn Otterlei	H
Oddmund Voldsund	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Per Ola Kleppe	Kaja Runde	FOLK
Rolf Arne Nilsen	Frank Roy Moltu	FOLK

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon v/Alf Marius Grønnevik
Kommunalsjef Sølvi Lillebø Remøy
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og varamedlemene i kvar gruppe.

Det møtte 20 faste medlemer og 10 varamedlemer. Tilsaman 30 representantar, 3 mindre enn fulltallig.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Hilde Marie Brungot og Bjarne Kvalsvik

Varaordførar Camilla Storøy leia møtet i ordførar Arnulf Goksøyr sitt fråvær.
Ann-Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes vald som settevaraordførar.

K-sak 11/19 vart handsama først i møtet, dei andre sakene vart handsama i oppsett rekkefølge.
K-sak 16/19 – Avslutting av etikkprosjektet – vart sett på saklista til slutt.

Linn-Therese H. Sævik fekk permisjon kl. 19:30 under handsaming av K-sak 14/19.
Rakel Gjelseth Gjelsvik fekk permisjon kl. 20:42 under handsaming av K-sak 16/19.
John Terje Berg Nerem fekk permisjon kl. 20:50 etter handsaming av K-sak 16/19.

Orienteringar:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad orienterte om tilsetting av assisterande rådmann m.m.
Notat av 30.01.2019 vart delt ut.

Til slutt i møtet svara rådmannen på spørsmål om kvifor ikkje alle saker om grunnkjøp vert handsama av kommunestyret, ansvar for strøing og kvifor ein ikkje får tatt reisevaksine i Herøy.

underskrifter

Hilde Marie Brungot

Camilla Storøy
varaordførar

Bjarne Kvalsvik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 2/19	Protokoll frå førre møte.
PS 3/19	Delegerte saker
PS 4/19	Referatsaker
PS 5/19	Herøy Vasslag SA - Søknad om kommunal lånegaranti, stor kr 5.500.000,-, for utbygging av vassforsyning til Bø og Sande
PS 6/19	Forprosjekt: Utdjuping av Fosnavåg hamn
PS 7/19	Grunnerverv Nørvåg- kjøp av grunn i samband med opprustning veg og bru
PS 8/19	Grunnkjøp Myrvåg
PS 9/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 51210 - Myrabakken bustadfelt
PS 10/19	Fast driftstilskot til Sunnmørsjekta "Anna Olava"
PS 11/19	Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern. Tilsyn og oppfølging
PS 12/19	Herøy kulturskule - rammeplan
PS 13/19	Fritak frå politiske verv - Terje Krogset
PS 14/19	Busetjing av flyktningar i 2019
PS 15/19	Samanslåing av Stiftinga Sunnmøre Museum og Stiftinga Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal

Delegerte saker frå avdelingane:

DS 1/19	Handelsbygg Holding as - 38/2 - IG 2 Råbygg
DS 2/19	Ferdigattest - 30/129
DS 3/19	Villa Smolt as - 60/426 - Tilbygg
DS 4/19	Frøystad grendalag 20/43 - Ferdigattest
DS 5/19	Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Ferdigattest
DS 6/19	Gunnar Aspevik 48/86 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 7/19	Hildur Lilleøy 56/8 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 8/19	Villa Smolt AS 60/349 - Midlertidig bruksløyve for deler av bygg
DS 9/19	Rune Herskedal 4/253 s.nr. 1 - Ferdigattest
DS 10/19	Lars Gunnar Larsen - 53/5 - Marina anlegg 38 båt plassar
DS 11/19	Ferdigattest - 12/187 - vassmålerhus
DS 12/19	Ferdigattest - fritidsbustad - 44/129
DS 13/19	Herøy kommune - 34/84 - Demontering løfteplattform
DS 14/19	Aud Karin pettersen - 60/262 - tilbygg
DS 15/19	Øyvind Sørensen - 83/25 - skorsteinsrehabilitering
DS 16/19	Ferdigattest - 34/84 - rullestolrampe
DS 17/19	Ferdigattest - 60/454 - oppdimensjonering anlegg overvatn
DS 18/19	Olav Ståle Voldsund - 26/8 - Fasadeendring
DS 19/19	Herøy kommune - 29/162 - Frådeling av tilleggsareal
DS 20/19	Hildur Lilleøy 56/8 - Ferdigattest
DS 21/19	Hjalmar Jacobsen 60/152 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 22/19	Ferdigattest - 60/247
DS 23/19	Ferdigattest skorsteinrehabilitering - 83/25
DS 24/19	Ferdigattest - tilbygg- 14/31
DS 25/19	Herøy kommune - 22/38 - Planering av tomt
DS 26/19	Vegard Fiksdal og Ingvill Frantzen - 22/72 - Frådeling
DS 27/19	Ferdigattest riving av løde - 15/14
DS 28/19	Ferdigattest - 40/82 - einebustad 84A
DS 29/19	Anita Lynge Gjøringbø - 44/19 - riving del av bygg
DS 30/19	Ferdigattest - tilbygg/garasje - 87/11+12
DS 31/19	Thomas Spiro - 13/114 - Einebustad
DS 32/19	Myrvåg helsesenter AS 45/142 45/116 Tiltak

- natursteinsmur/betongkant - løyve til tiltak
- DS 33/19 Per Hugo Torvik 24/100 - Einebustad - løyve til tiltak
- DS 34/19 Tildeling av prikkar ved oktoberfestivalen.
- DS 35/19 Serverings- og/eller skjenkebevilling - Sofram Takeawaycatering
Hüseyin Kadir Dikbas
- DS 36/19 Godkjenning av Styrar for salsløyve- Kiwi Eggesbønes
- DS 37/19 Henry Steinsvik 44/1 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 38/19 Kay Terje Myklebust m/fl. 29/13 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 39/19 Magnus Enerhaug 76/32 Tiltak - garasje - løyve til tiltak
- DS 40/19 Kjartan Sundnes 17/3 Tiltak driftsbygning - endring av gitt løyve
- DS 41/19 Herøy byggsenter AS 36/97 seksjon 9 - ferdigattest
- DS 42/19 Astorplast AS 22/66 Tiltak tilbygg - ferdigattest
- DS 43/19 Marine Harvest AS 38/8 utviding trafikk- og parkeringsareal - igangsettingløyve del 2
- DS 44/19 Sævik Invest AS 33/30 Deling grunneigedom - løyve til frådelling etter pbl
- DS 45/19 Per Mulvik AS 86/52 - rammeløyve - ferdigattest riving

Referatsaker:

- RS 1/19 Vedtak frå Volda kommunestyre - Søre Sunnmøre Tingrett - Domstolgrense
- RS 2/19 Vedtak - Samferdselspakke Volda og Ørsta

PS 1/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Til saklista:

K-sak 11/19: Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern vert flytta opp som første sak.

K-sak 14/19: Busetjing flyktningar 2019 vert handsama.

Avslutting av etikkprosjektet vert sett opp som siste sak – K-sak 16/19.

PS 2/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå forrige møte låg føre.

PS 3/19 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitende.

PS 4/19 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitende.

PS 5/19 HERØY VASSLAG SA - SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI, STOR KR 5.500.000,-, FOR UTBYGGING AV VASSFORSYNING TIL BØ OG SANDE

Møtebehandling:

Solveig Båtsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styremedlem i Stemmedal Vasslag. Ho vart samrøystes kjend habil.

Hilde Marie Brungot (H) kom med framlegg om slikt nytt siste avsnitt i rådmannen si tilråding:

«Ein ønskjer samanslåing av vassverka i kommunen. Garantien vert gitt under føresetnad av at Herøy Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.»

Framlegg frå Hilde Marie Brungot vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 5,0 mill kr som Herøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til utbygging av vassforsyninga til Bø og Sande.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 5,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (5,0 mill kroner + 10 % - totalt 5,5 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
5. Ein ønskjer samanslåing av vassverka i kommunen. Garantien vert gitt under føresetnad av at Herøy Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.

PS 6/19 FORPROSJEKT: UTDJUPING AV FOSNAVÅG HAMN

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Herøy kommunestyre godkjenner forprosjektet og ber vidare om at administrasjonen held fram med arbeidet med å legge til rette for eit samla deponi på indre hamn.

I det vidare arbeidet vil det og vere naturleg å sjå nærare på ei detaljprosjektering (hovudprosjekt), men først når ein finansieringsmodell kan leggast fram for kommunestyret.

Ein finansieringsmodell skal handsamast og godkjennast av Herøy kommunestyre.

PS 7/19 GRUNNERVERV NØRVÅG- KJØP AV GRUNN I SAMBAND MED OPPRUSTNING VEG OG BRU

Møtebehandling:

Linn Therese H. Sævik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med Yngve Sævik som er part i saka. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Linn Therese H. Sævik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, Fvl § 6a.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Herøy kommunestyre kjøper grunn for gjennomføring av Infrastrukturprosjekt i Nørvåg i tråd med inngåtte grunnkjøpsavtalar med respektive grunneigarar.

Det vert gjort slike budsjettendringar:

Konto 02800 (grunnkjøp mm), ansvar 5011, funksjon 303, prosjekt 50153
kr 1 204 650,-

Konto 09100 (bruk av lån), ansvar 9011, funksjon 870, prosjekt 90998 (frie finansieringsmidlar) – kr 1 204 650,-

PS 8/19 GRUNNKJØP MYRVÅG

Møtebehandling:

Per Kristian Furø (Ap) kom med framlegg om å utsette saka.

Framlegget frå Per Kristian Furø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Saka vert utsett.

PS 9/19 ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51210 - MYRABAKKEN BUSTADFELT

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit samla forbruk på 7.463.893,- kr.
2. Meirforbruk på 463.893,- kr vert dekkja inn ved låneopptak / bruk av lån.

PS 10/19 FAST DRIFTSTILSKOT TIL SUNNMØRSJEKTA "ANNA OLAVA"

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

1. Kommunestyret ber komite for næring, kultur og idrett innafør eige budsjett å finne rom for å imøtekome søknaden frå «Anna Olava»/eigarstyret Herøy kystmuseum.
2. Avtalen mellom Herøy kommune og Eigarstyret for Herøy Kystmuseum vert å reviderast i.h.t endra føresetnader.

PS 11/19 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT BARNEVERN. TILSYN OG OPPFYLGJING

Møtebehandling:

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon v/Alf Marius Grønnevik møtte og orienterte i saka.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

1. Kommunestyret tek til vitende Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Tilsyn og oppfølging – barnevern – Herøy kommune (utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 25.09.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barneverntenesta får gjennomført tilfredsstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
 2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgjingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna vere tilstades.

3. Kommunen må sørge for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredsstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
 4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht. rapportskriving.
 5. Kommunen må innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.
-
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterar om status for gjennomføringane av anbefalingane og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.05.2019**

PS 12/19 HERØY KULTURSKULE - RAMMEPLAN

Møtebehandling:

Kommunalsjef Sølvi Lillebø Remøy møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Kommunestyret godkjenner rammeplanen som grunnlag for Herøy kulturskule sitt vidare arbeid.

PS 13/19 FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - TERJE KROGSET

Møtebehandling:

Særutskrift i VN-sak 3/19 vart utdelt.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Terje Krogset får fritak frå politiske verv i Herøy kommune.

Som ny medlem i eldrerådet 2015-2019 vert vald:

Anlaug Varhaugvik

Som ny siste varamedlem i kontrollutvalet 2015-2019 vert vald:

Torbjørn Hide

Varamedlemer i gruppa rykker ein plass opp.

Varamedlemer i kommunestyret rykker ein plass opp.

Evt. nytt valoppgjær vert oversendt valstyret.

PS 14/19 BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2019

Møtebehandling:

Kommunalsjef Sølvi Lillebø Remøy og eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte i saka.

Komite for oppvekst og komite for helse og omsorg si tilråding vart vedteke mot 4 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Herøy kommune kan busetje inntil 10 flyktningar i 2019.

PS 15/19 SAMANSLÅING AV STIFTINGA SUNNMØRE MUSEUM OG STIFTINGA FOLKEMUSIKKARKIVET FOR MØRE OG ROMSDAL

Møtebehandling:

Komite for næring, kultur og idrett si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Som ein av stiftarane av Stiftinga Sunnmøre Museum gir Herøy kommunestyre si støtte til at stiftingane Sunnmøre Museum og Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal vert slått saman.

PS 16/19 AVSLUTTING AV ETIKKPROSJEKTET.

Møtebehandling:

Etikkutvalet v/Jens Terje Johnsen orienterte om prosjektet.

Rapport frå etikkutvalet vart delt ut.

Debatt.

Leiar i etikkutvalet Jens Terje Johnsen kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret vedtek følgjande som rettleiing til andre avsnittet i vedtaket om oppretting av eit Etikkutval (K-sak 5/18):

- Når ein situasjon oppstår der kommunestyret kjenner behov for nærare etisk refleksjon, kan ein be EU og ei utgreiing.
- Eitkvart medlem av kommunestyret kan leggje saker fram for EU.
- Utvalet avgjer i møte om ei sak skal takast opp eller lyt avvisast. Eit eventuelt avslag lyt grunngjevast.

- Etikkutvalet har ei særleg merksemd retta mot situasjonar der nokon blir behandla utan tilbørleg respekt i det politiske arbeidet.
- Etikkutvalet arbeider i alle saker fritt og sjølvstendig inn mot kommunestyret.»

Det vart halde gruppemøte.

Camilla Storøy (Krf) kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 5/18.
Etikkutvalet kan seinare ta på seg oppgåver som kommunestyret ber om vert utgreidd.»

Jens Terje Johnsen trekte framlegget frå Etikkutvalet.

Framlegget frå Camilla Storøy vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 5/18.
Etikkutvalet kan seinare ta på seg oppgåver som kommunestyret ber om vert utgreidd.»

MØTET SLUTT!